

**Film****DRONNINGEN**

Dansk drama
Regi: May el-Toukhy
Manus: Maren Louise Kähne & May el-Toukhy
Med: Trine Dyrholm, Gustav Lindh, Magnus Krepper, Stine Gyldenkerne, Liv Esmár Dannemann, Frederikke Dahl Hansen.
2 timer, 6 minutter
Aldersgrense: 15 år

Overlater lite til publikums egne vurderinger.

“ Dronningen styrer ikke klar av drama-sjangerens verste fallgruve: oppstiltet, overtydelig sentimentalitet.

IKKE SE: Anne (Trine Dyrholm) setter sitt borgerlige liv på spill når hun innleider et forhold med sin tenårige stesønn. Men vår anmelder er ikke imponert.

Begge foto: Rolf Konow/ Storytelling Media

svak og sårbar, og hans historie skal, på forutsigbart vis, ta en tragisk «vending».

Dramaets klisjefallgruver. May el-Toukhs (født 1977) spillefilmdebut som manusfatter og regissør hadde blitt en betydelig styggere og mindre «nyansert og nådeløs» historie hvis kjønnsrollene hadde vært snudd, et tankeeksperiment vi oppfordres til å utføre. Ja, kvinner kan også oppføre seg svinsk og dobbeltmoralsk, men er det så eksplosiv kraft i akkurat det?

Dronningener en alvorlig, menneskelig dramafilm, ment for å skape samtaler og debatt. Man tilgir dermed ikke klisjeene og

den oppskriftsmessige handlingen på samme måte som i en erotisk thriller, der kontrakten mellom filmskaper og publikum er mer forpliktende. Slik blir *Dronningen* enda mer konstruert og kunstferdig enn Henrik Martin Dahlsbakkens sjangerforsøk *En affære*. Fjorårets norske film, der en lærer innleider et forhold med en elev, var et nokså vellykket spenningsdrama med overskudd, glimt i øyet og bakgrunnshistorier vi måtte gjette oss til. *Dronningen* styrer ikke klar av dramasjangerens verste fallgruve – oppstiltet, overtydelig sentimentalitet.

Den tvinger tankene og overlater lite til publikums egne vurderinger. Og det var vel ikke meningen.

Dyster tilstandsrapport

Djupt etisk og formanande tale av ein av dei fremste danske samtidssiktarane: Med dikt, prosa og illustrasjonar får vi eit skremmande bilet av tilstanden på vår klote og ikkje minst av det bestialske mennesket.



VONDT: – God lesnad, javisst. Men vond, til tider sjokkerande, brutal lesnad, skriver vår anmelder om Andreas Vermehren Holms bok *Alle tegn i samme natt*.

Foto: Audiatur

**Bok Poesi**

**Andreas Vermehren Holm
ALLE TEGN I SAMME NATT**
Omsett av Jørn H. Sværen
Forlaget H/O/F

“ Her er urtid, samtid og framtid, fakta, myter, dikt og varslig kopla saman – stundom i éin og same tekst.

MELDING**KNUT ØDEGÅRD**

kultur@vl.no

Det er ofte i utkantane av det store medieblikket at det viktige skjer.

Dette gjeld ikkje minst i rapportering frå det poetiske landskapet. Når poesien i våre dagar ein sjeldan gong vert synleggjort i store media (ein kan sjå genren som ein utrydningstruga kunstart), manglar ofte dei viktigaste poetane.

I det nordiske poesilandskapet er det sjeldan ein støyter på danske Andreas Vermehren Holm og norske Jørn H. Sværen. Vi går då glipp av to diktatarar som eg opplever som slektingar på det viset at dei både freistar sjå klårt og formidla presist heilt fundamentale utfordringar i vår sivilisasjon.

Dei har gjendikta kvarandre, noko som ytterlegare styrkar denne oppfatninga av slektskap. No sist er det Sværen som har gjendikta ei ruvande bok av Holm: *Alle tegn i samme natt*.

Sjokkerande, brutal. God lesning, Knut!, skreiv kulturredaktøren på lappen som fylgte boka til denne meldaren. God lesnad, javisst. Men vond, til tider sjokkerande, brutal lesnad.

Boka inneholder dikt, prosa og bilete som til saman skapar eit skremmande bilet av livet på Tellus. Det er tale om ein triologi der forfattaren har revidert dei tre bøkene *Antropocen kreatur*, *Planetarisk vesen* og *Skapningenes lovesang*. Forlaget kallar utgåva ein antropocentrilogi. Antropocen er foreslått av den nederlandske atmosfærekjemikaren og nobelprisvinnaren Paul Crutzen som namn på det geologiske tidsalderen vi no er inne i.

Vonde varsel. *Alle tegn i samme natt* er samansett av ulike lit-

terære uttrykk og av bilete, ein god del av materialet er sitat eller omskrivne sitat frå tidlegare litteratur og minnar mange stader om mareritt og dommedagsprofetiar. Her er urtid, samtid og framtid, fakta, myter, dikt og varslig kopla saman – stundom i éin og same tekst.

Eg les trilogien både som dyster tilstandsrapport og varsel om noko som kan bli endå mykje, mykje verre. Det gjeld sjølv sagt dette som dei fleste no er merksame på med forsøpling av kloten og ytre miljø, men òg den indre opplysinga med mangelen på empati med skaparverket. Holm går langt i å framstilla mennesket som den store øydeleggjaren, den grådige og ansvarslausen skapnaden som utnyttar, slaktar og utryddar liv og økosystem på Tellus. Han viser ikkje berre fram vår mangel på empati med medmenneske, men med dyr, og i somme av tekstane får vi samanstillingar av slaktehus og krigskildringar der menneskedyret herjar hatefullt og grådig.

Endetid? Det er ein djupt etisk og formanande tale som stig ut av desse boksidene, som det står på side 125: Den uguadelige nedkaller en forbannelse over sine etterkommere. Er det då berre undergang og endetids ragnarok som ventar oss? Nei, som den visjonære volvas syner som vart skrivne ned for 800 år sidan, augnar ein òg hos den svært samtidige diktaren Andreas Vermehren Holm ei von – om vi tek åtvaringane på alvor.

Det er vanskeleg å plukka ut sitat frå dette tette og mangefaserte diktverket, det er komplekt og utdrag kan lett bli misvisande i høve til den konteksten dei står i. Eg nøyser meg difor med å skriva som kulturredaktøren: God lesning, men leggja til at dette er ingen hyggelesnad og ingen søndagsskuletekst.

ORGELKONSERT

Alessandro Bianchi

Verker av Bonnet, Miller, Hielscher, Vierne, Clementoni, Cucinotta, Respighi, Bourgeois
Oslo domkirke lørdag 31. august kl. 12.00
Billetter kr 100 ved inngangen

